

Planprogram

Tematisk kommunedelplan 2026 - 2035
for vassforsyning, avløp og overvatn
i Sykkylven kommune



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Sykkylven Energi AS
Tittel på rapport: Planprogram
Oppdragsnamn: Hovedplan VAO Sykkylven
Oppdragsnummer: 644216-01
Utarbeidd av: Robert Osdal og Anna Hellstrøm
Oppdragsleiar: Robert Osdal
Tilgjenge: Open

Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS
02	20. feb. 2025	Revisjon etter oppstartsmøte	AH	RO
01	4. feb. 2025	Dokument til gjennomsyn av prosjektgruppa	RO	AH

Forord

Hovudplan for vatn, avløp og overvann (VAO) er det viktigaste styringsdokumentet for utbygging og rehabilitering av vatn- og avløpsanlegg. Hovudplanen skal uttrykkje kommunen sine eigne prioriteringar innanfor vatn- og avløpssektoren, og medverke til betre samordning mellom kommunal vatn- og avløpsverksemd og kommunal arealplanlegging.

Sidan hovudplanen skal utarbeidast som ein tematisk kommunedelplan iht. plan- og bygningslova skal det utarbeidast eit planprogram.

Planprogrammet er eit verktøy for tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn i planarbeidet. Planprogrammet skal angi formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar, behov for utgreiingar og skildre korleis ein har tenkt å gjennomføre hovudplanen.

Ålesund, 20.02.2025

Robert Osdal

Anna Hellstrøm

Oppdragsleiar

Kvalitetssikrar

Innhold

1. Bakgrunn	4
1.1. Organisering av planarbeidet	5
1.2. Planområde	7
1.3. Forholdet til konsekvensutgreiing	7
2. Rammar og overordna føringar	8
2.1. Gjeldande hovudplanar	8
2.2. Sentrale lover og forskrifter	8
2.3. Kommuneplanens sin samfunnsdel	9
2.4. Kommuneplanens sin arealdel	11
3. Tema i planarbeidet	12
3.1. Strukturen til planarbeidet	12
3.2. Vassforsyning	13
3.3. Avløp	13
3.4. Overvatn	14
4. Verknader av planen	15
4.1. Planperiode	15
4.2. Korleis skal hovudplanen bli brukt?	15
5. Planprosessen	16
5.1. Informasjon og medverknad	16
5.2. Framdriftsplan	16

1. Bakgrunn

I kommunen sin planstrategi er det bestemt at det skal bli utarbeida Overordna plan for vatn, avløp og overvatn. Det skal utarbeidast ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslovas (PBL) § 11 som skal omhandle vassforsyning, avløp og overvatn i eit lengre perspektiv, 2026 - 2035. Planen skal erstatte gjeldande hovudplanar for vassforsyning frå 2016 og avløp frå 2019. For overvatn finns det ikkje overordna kommunal plan i dag.

Det er behov for ein samla plan sett ut i frå dagens situasjon og utfordringar. Det vil gjere det enklare å koordinere og prioritere tiltak på tvers av fagområde. Mål og tiltak skal knytast opp mot FN sine bærekraftsmål.

Sidan hovudplanen skal utarbeidast som ein tematisk kommunedelplan etter PBL § 11 skal det utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet er eit verktøy for tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn i planarbeidet. Planprogrammet skal angi formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar, behov for utgreiingar og skildre korleis ein har tenkt å gjennomføre hovudplanen.

1.1. Organisering av planarbeidet

Planarbeidet skal utførast av Asplan Viak AS (AV) i samarbeid med ein prosjektgruppe frå Sykkylven Energi AS (SE) og Sykkylven kommune (SK).

1.1.1. Prosjektgruppa i Asplan Viak

For dette oppdraget har AV sett saman eit team av nøkkelpersonar som har den etterspurte kompetanse og erfaring frå tilsvarende oppgåver. Teamet består av personar som samla sikrar både nødvendig kompetanse og kapasitet til å løyse oppdraget. I tillegg har teamet ein høg grad av lokal kompetanse, og kjenner godt til både Sykkylven kommune og kva utfordringar som finst i tilsvarende kommunar i Møre og Romsdal.

Namn	Rolle	E-post
Robert Osdal	Oppdragsleiar	Robert.osdal@asplanviak.no
Odd Løvoll	Fagansvarleg og kvalitetssikrar avløp	Odd.lovoll@asplanviak.no
Lars Saga	Fagansvarleg og kvalitetssikrar vatn	Lars.saga@asplanviak.no
Mariann Sæbø Wagner	Fagansvarleg og kvalitetssikrar overvatn	Mariann.sabo@asplanviak.no
Anna Hellstrøm	Fagansvarleg planprosessar	Anna.hellstrom@asplanviak.no

1.1.2. Prosjektgruppa frå Sykkylven Energi og Sykkylven kommune

I Sykkylven Energi (SE) og Sykkylven kommune (SK) vil organiseringa vere knytt til ei **styringsgruppe** for prosjektet og ei **arbeidsgruppe**. Styringsgruppa er knytt til leiarar på ulike nivå i SE og SK, medan arbeidsgruppa er i større grad knytt til drift, vedlikehald og planlegging av løysingar knytt til vassforsyning, avløpshandtering, overvatn og arealplanar.

Styringsgruppe:

Olav Harald Ulstein	Ordførar
Øyvind Hunnes	Leiar NU
Torbjørn Emblem	Kommunedirektør
Odd Jostein Drotninghaug	Kommunalsjef samfunn
Kristian Trandal	Teknisk sjef
Steinar Bakke	Styreleiar Sykkylven Energi
Per Arne Edvardsen	Adm.Dir. Sykkylven Energi

Arbeidsgruppe:

Namn	Firma	E-post
Ivar Selsbakk	Sykkylven Energi	ivar@sykkylven-energi.no
Per Magne Drotninghaug	Sykkylven Energi	Per-magne@sykkylven-energi.no
Kristian Trandal	Sykkylven Kommune	Kristian.trandal@sykkylven.kommune.no
Arild Sunde Rinnan	Sykkylven Kommune	Arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no
Jan Kåre Oterhals	Sykkylven Kommune	Jan.kare.oterhals@sykkylven.kommune.no

Ivar Selsbakk vil ha rolla som prosjektleiar i SE/SK, og vil ha eit koordinerande ansvar mellom Asplan Viak, arbeidsgruppa og styringsgruppa.

1.2. Planområde

Planen vil skildre kommunale og private vass-, avløps- og overvassanlegg. Planområdet vert såleis heile Sykkylven kommune.

1.3. Forholdet til konsekvensutgreiing

Det vert lagt til grunn at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova for planarbeidet. Planen er en tematisk kommunedelplan, ikkje ein arealplan. Ettersom planen vil være rettleiande og ikkje juridisk bindande, er det heller ikkje krav om konsekvensutgreiing. Planen vil heller ikkje vere styrande for arealbruk.

2. Rammar og overordna føringar

2.1. Gjeldande hovudplanar

Sykylven kommune har to hovudplaner som skal erstattast i planperioden:

- Hovudplan avløp 2020 - 2028
- Hovudplan for vassverka i Sykylven 2016 - 2025

2.2. Sentrale lover og forskrifter

Kommunen er mynde og har plikter for fleire område som involverer vass- og avløpssektoren, blant anna gjennom:

- forureiningslova og forureiningsforskrifta
- drikkevassforskrifta
- plan- og bygningslova
- folkehelselova
- vass- og avløpsanleggslova
- sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt
- vatnressurslova

Dei mest sentrale av desse vert omtalt meir inngåande i dei neste kapitla.

2.2.1. Drikkevassforskrifta

Drikkevassforskrifta er svært sentral innanfor vassforsyninga. Forskrifta stiller krav om sikker levering av tilstrekkelege mengder helsemessig og trygt drikkevatn utan særleg lukt, smak og farge. Forskrifta set detaljerte krav til vassforsyninga, blant anna grenseverdiar og prøvetakingsplan, vassbehandling og distribusjonsnett, krav til sikring mot forureining, farekartlegging og farehandtering, internkontroll, leveringstryggleik, beredskap, kompetanse og opplæring.

2.2.2. Forureiningslova

Forureiningslova er svært sentral for avløpssektoren. Formålet til lova er blant anna å verne ytre miljø mot forureining og å redusere eksisterande forureining. Kostnadane med å hindre eller redusere forureining skal dekkjast av den som er ansvarleg for forureininga.

Kapittel 4 Særlige regler om avløpsanlegg mv. gir blant anna heimel til rett og plikt til tilknyting til eksisterande avløpsanlegg, og gir kommunen ansvaret for tømming av slam fra slamavskiljarar mv. Kommunen har ei sentral rolle i dette arbeidet og er gitt mynde og plikter etter lova.

2.2.3. Forureiningsforskrifta

Del 4 i forureiningsforskrifta gjeld avløp og forureina overvatn (kapittel 11-15) og Del 4A gjeld kommunale vass- og avløpsgebyr. Formålet med forureiningsforskrifta del 4 om avløp er å beskytte miljøet mot forureining frå utslepp av avløpsvatn, og ivareta brukarinteresser som kan verte påverka av utslepp av avløpsvatn. Vassførekomstane i Norge er delt inn i normale, følsame og mindre følsame område. Klassifiseringa har innverknad på kva reinsekrav som vert stilt for utsleppet.

2.2.4. Plan og bygningslova

Kommunen er, både som plan- og bygningsmyndighet og som vassdragsmyndighet, tillagd eit særskilt ansvar for at handtering av overvatn blir innarbeidd i communal arealplanlegging. Det viktigaste verkemiddelet kommunen har for å sikre at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til handtering av overvatn, er plan og bygningsloven. Etter lovas krav til planlegging skal det bli tatt omsyn til ved tilpassing til klimaendringar, samfunnssikkerheit og ein heilskapleg forvaltning av kretslaupet til vatnet.

2.2.5. Revidert avløpsdirektv

Revidert avløpsdirektiv vart godkjent i EU i november 2024, og er gjeldande i EU frå 1.1.2025. Norge skal først gjennom EØS-forhandlingar, og deretter implementere revidert avløpsdirektiv i ny norsk forskrift. Dette vil truleg ta minst 2-3 år.

Hovudsignalet frå revidert avløpsdirektiv er at alle tettbygdde område over 1000 personekvivalentar (pe) vil få krav om sekundærreinsing av avløpet, uavhengig av kva slags kvalitet det er på resipient. Mest sannsynleg må sekundærreinseanlegga vere på plass innan 31.12.2035.

2.3. Kommuneplanens sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel vert vedteke i 2023 og gjeld for perioden 2023-2027. Samfunnsplanen er eit overordna styringsdokument som skal peike ut viktige mål og strategiar for utvikling av Sykkylven. Samfunnsdelen viser at det pågår ein naturlig sentralisering i kommunen.

2.3.1. Utfordringar og moglegheiter

Samfunnsplanen identifiserer følgande utfordringar og moglegheiter:

- Motvirke folketalsnedgang.
- Gjere Sykkylven meir attraktiv for nye innbyggjarar.
- Vekst og utvikling for eksisterande næringsliv.
- Omstille og tilrettelege for nye arbeidsplassar.
- Utnytte potensiale for reiselivsnæring i kommunen.
- Vidareutvikle sentrum.
- Skape ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål.
- Klimatilpassing – tryggleik for følgjer av klimaendringar.
- Omstille og tilpasse det kommunale tenestetilbodet i tråd med endra behov og rammevilkår.

2.3.2. Arealstrategi

Samfunnsdelen har en arealstrategi som skal ligge til grunn for arealplanlegging i kommunen.

MÅL

Sykkylven kommune har ein arealbruk som balanserer behov for utbygging og vern på ein berekraftig måte.

UTFORDRINGAR OG MOGLEGEHETER

Utbygging kontra vern av viktige arealressursar vil alltid vere ein viktig utfordring. Jordvern, lokal matproduksjon, naturverdiar kolliderer til tider med utbyggingsinteresser. Sentrumsområda er særleg utsett på grunn av høgare byggepress.

Bustadareal - attraktivt og berekraftig. I kommunen er det ein stor reserve av bustadareal som ikkje er tatt i bruk.

Framtidig arealbruk vil ha stor innverknad på om vi oppnår ei utvikling som er berekraftig både økonomisk, sosialt og for klima og miljø. Kommunen må syte for ein berekraftig arealbruk som samsvarar med nasjonale målsettingar.

SYKKYLVEN KOMMUNE VIL:

- Ha god oversikt over arealbruk ved å lage arealrekneskap.
- Ha arealeffektiv bruk av eksisterande bustadareal og infrastruktur (transformasjon, fortetting, samordna bustad-, areal- og transportplanlegging).
- Legge til rette tenlege næringsareal ut frå noverande og moglege framtidige behov med fokus på både eksisterande næringsliv og moglege nyetableringar og nye bransjar.
- Styrke jordvernet og så langt råd er unngå omdisponering av dyrkajord. -Stille krav til ivaretaking av matjord ved omdisponering av areal.
- I alle planprosessar vurdere om eldre unytta bustadareal er eigna ut frå dagens krav, eller om det skal førast tilbake til LNF-føremål.
- Forvalte sjøareala på ein berekraftig måte ut frå eigne interesser og i samarbeid med omkringliggende kommunar.
- Sikre viktige natur- og friluftsområde, grøntkorridorar og nærturområde.
- Sikre areal til samanhengande gang- og sykkelvegar.
- Sjå framtidig hyttebygging i eit berekraftperspektiv (arealrekneskap, klimaavtrykk, naturpåverknad, mm)
- Forvalte utmarksareal på ein berekraftig måte som grunnlag for livskvalitet, folkehelse og naturbasert næringsutvikling.
- Ha fokus på trygge areal til alle bruksformål.

2.4. Kommuneplanens sin arealdel

Kommuneplan Arealdelen 2013 - 2025 vart vedteke av Sykkylven kommunestyre 27.05.2013.


Planen dekker heile kommunen unntatt områda kring Nysætervatnet, Straumgjerde og sentrum-Ikornnes. For desse områda er det eigne kommunedelplanar.

Planen er under rullering. I juni 2023 vart forslag til ny plan lagt ut til høyring.

3. Tema i planarbeidet

3.1. Strukturen til planarbeidet

Arbeidet med hovudplanen skal baserast på fleire utgreiingar (A1 til A8) som vil ligge til grunn for, og som vedlegg til, hovudplandokumentet. Målet med ein slik struktur er å gjere hovudplandokumentet så konkret som mogeleg, samstundes som at dei litt grundigare fagutgreiingane knytt til dei ulike problemstillingane vert inkluderte som vedlegg.



I tillegg til ovannemnde leveransar skal det søkast om utsleppsløyve for eksisterande kommunale spillvassutslepp.

3.2. Vassforsyning

Følgande punkt vurderast som viktige for vassforsyninga i Sykkylven kommune:

- 1) Eit sentralt tema innan vassforsyninga i Sykkylven vurderer vi å vere etablering av system for alternativ vassforsyning (reservevatn, krisevatn).
- 2) Gjennomføre mikrobiell barriere analyse (MBA) for dei private vassverka.
- 3) Vurdere tilstand, og eventuelle behov for oppgraderingar, på vassverka.
- 4) Utarbeide strategi for reduksjon av vasslekkasjar, og analysere tilstand for leidningsnettet.
- 5) Utarbeide strategiar for å sikre tilgang på vatn i område som er planlagde i kommunens arealplan.
- 6) Diskutere mogelege samarbeidsformer mellom kommunal vassforsyning og private vassverk.
- 7) Diskutere sløkkevatn.

3.3. Avløp

Hovudtematikken for avløp vil knytte seg til det nyleg vedtekne avløpsdirektivet i EU. Eitt sentralt tema her er kravet om sekundærreinsing av avløp frå tettstader over 1000 pe, noko som fordrar at ein tidleg får oversikt over kva område dette vil gjelde, og eventuelle mogelegheiter for å slå saman reinseområde. Kjende strategiar for å førebu seg til nye reinsekra er mellom anna å separere leidningsnettet og redusere framandvatn i røyra. Eit anna tema er knytt til spreidd avløp og kva slags strategi ein skal ha i høve dette.

Dei ulike områda i Sykkylven kommune vil få ulike tilnærmingar. For sentrumsområdet og Straumgjerde er det tenkt følgande oppgåver:

- 1) Utarbeide oppdaterte pe-berekningar.
- 2) Analysere vassføring i eksisterande anlegg.
- 3) Overordna vurdering av anleggsstruktur for framtidig sekundærreinsing.

Eit tredje viktig tema for avløp er hytteområdet rundt Fjellsetra og Nysætervatnet:

- 1) Utarbeide oppdaterte tall på hytter og pe.
- 2) Vurdere i kva grad nytt avløpsdirektiv vil gjelde for fritidsbusetnad, og i forlenginga av dette vurdere løysingar for å møte krava.

- 3) Vurdere å etablere eit samarbeid med Stranda kommune knytt til handtering av avløp frå Fjellsetra. Deriblant vurdere om tidlegare presentert løysing med utsleppsleidning til Storfjorden over Fausa skal takast med vidare.
- 4) Vurdere løysingar for trykkavløp i kombinasjon med hovudløysinga nemnd i punktet over.

Parallelt med arbeidet ovanfor vil arbeidet med å utarbeide søknadar om utsleppsløyve bli effektivisert, då ein likevel går inn i materien og skildrar eksisterande høve og tal på pe knytt til kvart kommunale utslepp.

3.4. Overvatn

Tretrinnsstrategien for handtering av overvatn skal leggast til grunn for framtidig overvasshandtering i Sykkylven Kommune. Strategien omfattar at overvatn i størst mogleg grad skal infiltrerast og forseinkast lokalt. Forsvarleg avleiing i flaumvegar skal sikrast og opparbeidast så langt det er nødvendig.

For å få oversikt over eksisterande situasjon, vurderer vi det som viktig å kartlegge kvar overvatnet renn i dag. Her skal ein kartlegge dreneringslinjer og dei naturlege vassvegane, og kritiske punkt for overvatn som bekkeinntak, kulvertar og stikkrenner.

Kartlegginga må koordinerast med Sykkylven kommune og Sykkylven Energi, og koplast opp mot driftserfaringar. Kartlegginga vil fokusere særskilt på område som tidlegare har hatt utfordringar med overvatn.

4. Verknader av planen

4.1. Planperiode

Planperioden er 2026-2035.

4.2. Korleis skal hovudplanen bli brukt?

Hovudplanen skal vere eit styringsverktøy ved å

- informere om rammevilkår for VA-sektoren (lover, forskrifter m.m.)
- konkretisere og prioritere kommunen sine mål for VA-sektoren
- gi oversikt over tilstanden på VA-anlegga i kommunen
- vise framtidige løysingar og vurdere ulike alternativ
- beskrive nødvendige tiltak på kort og lengre sikt, og prioritere desse
- vurdere økonomiske konsekvensar av planlagde tiltak - beregne gebyrutviklinga

Planen vil vere eit grunnlag for budsjett og økonomiplan innanfor VA-sektoren.

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for at det blir bygd ut gode og berekraftige løysingar for vassforsyning, avløpshandtering og handtering av overvatn i Sykkylven kommune. Minimum ambisjonsnivå i planperioden skal vere å stoppe forfallet i leidningsnettet og sikre forsvarleg leveranse av drikkevatn og bortleiing av avløpsvatn og overvatn i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen skal vere budd på dei komande klimautfordringane og kome befolkningsveksten i møte.

5. Planprosessen

5.1. Informasjon og medverknad

Forankring av planarbeidet blant lokale politikarar, innbyggjarar og næringsliv er ein viktig del av planarbeidet.

Planprogrammet vil bli politisk handsama og sendt på høyring og offentleg ettersyn. Når det finns eit utkast til plan vil det bli politisk handsama og sendt på høyring og offentleg ettersyn. I høyringsperiodane vil høyringsdokument bli publisert på kommunen sin nettside. Først etter høyring og offentleg ettersyn kan planen bli vedteke av kommunestyret.

Det vil bli eit særsmøte med dei private vassverka våren 2025.

5.2. Framdriftsplan

Målet er å ha ferdig VAO-plan før sommeren 2026.

Aktivitet	Månad og år	Kommentar
Planoppstart og planprogram på høyring	Mars-mai 2025	Vedtak i nærings- og utviklingsutvalet.
Fastsetting av planprogram	August 2025	Vedtak i kommunestyret etter innstilling frå nærings- og utviklingsutvalet.
Delutgreiinger Utarbeiding av planforslag	Juni-desember 2025	
Planforslag på høyring	Januar-mars 2026	Vedtak i nærings- og utviklingsutvalet.
Evt. revisjon av planen	April 2026	
Sluttbehandling og endeleg vedtak av planen.	Mai-juni 2026	Vedtak i kommunestyret etter innstilling frå nærings- og utviklingsutvalet.

Kjelder

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2027

sykkylven.kommune.no/tenester/plan-miljo-bygg-og-eigedom/kommuneplan/samfunnsplan-2023/

- Kommuneplanen sin arealdel 2013-2025

[Kommuneplan arealdelen - Sykkylven kommune](#)

- Kommunens planstrategi 2021-2025

[planstrategi-2021-2023-planprogram-samfunnsplan-kst-15022021.pdf](#)

